


Tilstade: Bente Kopperdal Hervik, Radøy kommune. Ottar Myrtveit, grunneigar. Marie Engeland Straume, grunneigar. Roald Straume, grunneigar. Solveig Lohne Rongved, Hordaland fylkeskommune.

Ein legg opp til ei trinnvis utvikling av tilrettelegginga. Trinn 1 er oppgradering av den eksistarande tilrettelegginga og ferdigstilling av skjøtselsplan. Trinn 2 er parkering, og toalett/anna kjem som trinn 3.

Bøneset/Ramsvikneset/Ildalsneset




- Sti kan følgja traseen på kartet over. Det er viktig å styre ferdsla i området, og merking og utbetring av våte parti med klopper/kavlebruer vil vera viktige reiskap her.
- Delar av stien har trong til utbetring. I første del av stien opp til Bøneset er det mykje svaberg som kan vera glatt å forsera. Her bør ein gjera tiltak for å gjera stien tryggare, gjennom trapper eller liknande.
- Landskapet på Ramsvikneset er urørt og intakt, noko som gjer ei autentisk oppleving i høve til slik landskapet var i steinalderen. Dette er viktige kvalitetar som er med på å gjera området unikt, og ein må vera varsam så ikkje tilrettelegginga rokkar ved desse kvalitetane. Stien bør difor ha så lite utbetring som mogleg i dette området. Ein skal ikkje nyitta grus eller anna permanente tiltak her, men i så stor grad som mogleg styra ferdsle med merking og eventuelle tiltak mot slitasje i markoverflata (kavlebruer/anna) dersom dette viser seg å vera

naudsynt. Å ikkje opparbeida stien gjer òg tilrettelegginga meir fleksibel i høve til at ein kan flytta/justera stien dersom dette syner seg å vera naudsynt.

- Tilrettelegging med skilt på same stad som før (sjå kart). Skilt på rasteplass bør flyttast så det er mindre utsatt for solbleiking. Ein kan oppgradera tilrettelegginga med betre eller fleire skilt på sikt.


Straumsvågen og Rappeneset



- Stien i Strausvågen kan følgja gammal trase forbi nausta. Gjerdekliva står her, men det må ryddast kring dei.
- Stien utover rappeneset er synleg i nokre parti, og det er vått fleire stader. Her må ein sjå på plasseringa i høve til avrenning og eventuelt fare for skade på kulturminne. Stien kan leggjast i same område, men med justeringar i høve til dette.
- Tilrettelegging med skilt i same område som før, men med oppgradering av skilt.
- God merking av sti og utbetring med klopper/kavlebruer i våte parti vil styra ferdsla og sikra at stien er god å bruka.
- Det vert ikkje beita på Rappeneset i dag. Rydding her skjedde tidlegare gjennom arbeidsløysetiltak. Grunneigar er positiv til beite så framt dette ikkje er til ulempe for den som driv resten av bruket. Beite med villsau hadde vore ideelt i høve til både skjøtsel og formidling.

- Det veks sitkagran i delar av området. Det er utfordrande å fjerna denne både av omsyn til kulturminne og at det ikkje er veg til området som vil tala ei slik belastning. Grunneigar er positiv til at skogen kan fjernast men har ikkje sjølv planar om dette.

Parkering/toalett/rastepllass



Parkering i området kan tena mange funksjonar. Området er populært i høve til dykking, friluftsliv, fiske, båtturisme, kulturminne, og så vidare. Parkeringshøva er i dag ikkje tilstrekkeleg til å dekka behovet, og det er mykje ulovleg parkering ved hovudvegen rett før bruhaugen og i andre område der det er til ulempe for grunneigar/andre brukarar av området. Parkeringsa ved Straume kai er opparbeidd over tid, og det er fleire tiltak som kan gjerast for å gjera denne større og få til ein meir ryddig bruk.

- Dersom ein utvider parkeringa 1-2 meter mot sørvest vil det vera plass til at bilar kan parkera vinkelrett på vegen, heller enn på skrå som i dag. Dette vil auka kapasiteten. Det er likevel plass til å la det stå att ein rygg mot sjøen, slik at det visuelt sett vil verte det same sett frå sjøen.
- Dersom ein utvider parkeringsplassen vidare søraustover langs vegen vil ein få auka kapasitet samstundes som anlegget er samla.
- Asfaltdekke og oppmerking vil vera naudsynt for å sikra at folk parkerer på mest mogleg plasseffektiv måte.

Området der det er minst arbeid å utvida parkeringsplassen er i forlengelse av den eksisterande parkeringa. Her er det felleseige med 8 grunneigarar. Det er ein vegrett eller tilkomstrett inn til naustmiljøet.

Betre parkeringshøve og oppgradering av stiar og merking i høve til steinalderstien vil føra til auka bruk av staden. Det er då teneleg å ha eit samla tilbod her, med toalett i tillegg til den eksisterande rasteplassen. Overskotsmassar frå utbetring av parkering kan nyttast til å fylla ut i tilknyting til den eksisterande rasteplassen. Ein vil då få plass til eit toalettbygg her. Ein må finne løysingar på det praktiske, i høve til at det til dømes ikkje er kommunalt vassleidning i området. Ettersom staden er tilgjengeleg med bil kan det lagast universelt utforma.

Eit samla tilretteleggingsanlegg i tilknyting til parkeringa bør ha følgjande funksjonar:

- Handikaptoalett/vanleg toalett
- Bossdunkar
- Utandørs vasskran
- Fast grill
- Rasteplass
- Formidling
- Generell info til tilreisande

Veg og kai

På sikt kan det verte aktuelt å arbeida mot å få asfalt på vegen ned til Straume kai. Kaien er delvis kommunal og delvis privateigd. Denne er slitt og bør reparerast.